



Hans Reidar Kjærland, her i vassverket: - Hjelp oss med å senda inn kart! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Faktura er no sendt ut til dei som har leveranse av vatn frå Uskedal Vassverk og slik det vart varsla under årsmøtet er ei spesiell oppmoding å finna på fakturaen.

Det vises til at vassverket treng å oppdatere kartverk og kunderegister og oppmodinga går til alle om å senda inn kart over tomte med vassleidningane innteikna. Kartet må helst vera i mål 1:1.000 og ha påført gardsnummer og bruksnummer, namn og adresse og eventuell mailadresse.

-Kvifor kjem vassverket med denne oppmodinga, lei ar Hans Reidar Kjærland?

-Dei første leidningane vart lagt så tidleg som rundt 1950. Kartverket vårt er gammalt og slett ikkje oppdatert lenger – det er ufullstendig og ikkje nøyaktig nok.

Til hausten skal vi starta jobben med å digitalisera det og då er det ein stor fordel for dei vi skal leiga inn til å gjera dette at grunnlagsmaterialet er så fullstendig som mogeleg. Det ligg sjølv sagt også ein økonomisk gevinst i dette.

Slik situasjonen er no slit vi av og til med å finna ut kor leidningane går sjølv om forskriftene seier at vi skal veta det og kunne påvisa nettet til einkvar tid. Sjølv sagt veit vi kor hovudleidningane våre ligg, men ofte er det problematisk å veta kor dei private leidningane tar av frå hovudnettet.

Av og til blir vi også oppringt fra abonnentar med spørsmål om kor leidningane deira ligg og vi er ute av stand til å svara. Difor håpar vi at så mange som mogeleg kan hjelpa oss – og dermed også seg sjølve – med innsending av kart, seier Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen